

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/17	Levekårsutvalet	PS	30.05.2017
028/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	29.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Dina Dyrhovden	17/1486

Høringsuttale - ny generell del av læreplanverket for grunnsopplæringa

Vedlegg :

Høyring - forslag til ny generell del av lærerplanverket for grunnsopplæringa som skal erstatte gjeldende Generell del og Prinsipper for opplæringaHøringsbrevHøringsnotatHøringsinstanser

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gjev høyringssvar slik det kjem fram i saksutgreiinga.

.....

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 028/17

RMNF - behandling:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknader.

RMNF - vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknader.

Levekårsutvalet - 037/17

LE - behandling:

Orientering til saka v/Dina Dyrhovden-rådgjevar Oppvekst

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Lindås kommune gjev høyrings svar slik det kjem fram i saksutgreiinga.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast Levekårsutvalet

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet har lagt ut på høyring forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa, som skal erstatte gjeldande Generell del og Prinsipper for opplæringa. Høyringsfristen er sett til 12.06.17. Representantar frå Lindås kommune deltok på høyringskonferanse i Bergen 06.04.17.

Fagfornyninga

Alle fag i grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande opplæring skal fornyast i åra som kjem, jf. Meld. St. 28 (2015-2016) Fag – Fordypning – Forståelse. Fagfornyninga skal gje gode skulefag med relevant innhald, og progresjonen i opplæringsløpet og samanhengen mellom fag skal forbetrast. For å legge betre til rette for at elevene kan fordjupe seg og få ei god forståing av det dei lærer, skal prioriteringa i faga bli tydelegere. Som eit ledd i denne fornyinga skal ein ny generell del utviklast. Den skal erstatte dagens Generell del, Prinsipper for opplæringa og Prinsipper for opplæringa – samisk. Meld. St. 28 (2015-2016) vart behandla i Stortinget 11. oktober 2016 og Stortinget gav sin tilslutning til innhaldet i meldinga, jf. Innst. 19 S (2016–2017). Stortinget understreka at fornyinga av læreplanen sin generelle del og fagfornyninga skal sikre eit verdiløft i skulen gjennom betre å innlemme verdiane i formålsparagrafen i opplæringa.

Ny generell del

Den nye generelle delen skal, når den er fastsett, i første omgang gje føringar for utviklinga av læreplanar for fag. Den nye generelle delen og fornya læreplaner for fag skal saman utgjere eit fornya læreplanverk som skal bidra til verdiløftet i skulen. Endringane skal også samla sett bidra til en betre samanheng i læreplanverket for grunnopplæringa.

Nærare om forslaget til ny generell del av læreplanverket

Ved innføringa av Kunnskapsløftet i 2006 vart Generell del av læreplanverket for grunnopplæringa frå 1993 ikkje endra, mellom anna fordi formålsparagrafen i opplæringsloven ikkje var endra. I 2008 fekk opplæringsloven ny formålsparagraf.

Dokumentet skal utdjupe verdigrunnlaget i formålsparagrafen og løfte fram opplæringa sitt breide lærings- og kunnskapssyn. Det skal, som i dag, ha status som forskrift til opplæringsloven saman med resten av læreplanverket.

Den nye generelle delen skal beskrive det forpliktande grunnsynet som skal prege og støtte pedagogisk praksis i skulen. Alle som arbeidar i opplæringa, skal la dette grunnsynet prege planlegging, gjennomføring og vidareutvikling av all opplæring frå grunnskule til vidaregåande opplæring. Dokumentet skal gje føringar for opplæring i fag og prinsipp for skulen sin praksis, og skal tydeleggjere opplæringa sitt ansvar for danning og utvikling av elevane sin heilskaplege kompetanse.

Departementet føreslår at dokumentet skal heite Overordnet del – verdier og prinsipper.

Den nye delen av læreplanverket skal vere felles for norsk grunnopplæring og for samisk grunnopplæring. Dokumentet skal også gjelde for skular godkjende etter lov om frittstående skular (friskular). Friskular som har fått godkjendte ei eiga tilsvarende del der skulen sitt verdigrunnlag vert skildra, er unnateke.

Høyringa

Høyringsinnstansane er invitert til å gje sine vurderingar av

- utkastet som er lagt ut på høyring
- namn på dokumentet
- kor vidt forslaget til den overordnede delen i tilstrekkelig grad synleggjer samiske elevar sine urfolksrettar, og om dokumentet er eit godt grunnlag for opplæring i samisk skule og for samiske elevar i ordinær norsk skule.

Vurdering

Lindås kommune ser det som positivt at det vert utvikla ny generell del. Det er ein fordel at det som er grunnlaget for læreplanverket vert samla i eitt dokument som beskriv det forpliktande grunnsynet som skal prege all pedagogisk praksis i skulen. Me har erfart at Generell del i Kunnskapsløftet var eit stort og omfattande dokument, som gjerne har vore vanskeleg å få nok med i det daglege arbeidet i planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning. Når det er sagt; dei som arbeidde i skulen då Generell del vart innført, dvs i 1996 og ei tid utover, deltok i mykje arbeid for å bli kjend med verdiane som låg til grunn. Det er mange som «har dette i ryggraden». Men, det er komen mange nye tilsette etter dette. Arbeidet med ein ny Overordnet del, verdier og prinsipper vil kunne engasjere og vitalisere arbeidet med verdiar, elev-, lærings- og kunnskapssyn.

Inndelinga av dokumentet

Formålsparagrafen, Opplæringslova § 1-1 er sitert. Kapittel 1 omhandlar verdigrunnlaget, kapittel 2 prinsipp for læring og utvikling og kapittel 3 prinsipp for skulen sin praksis. Kwart underkapittel har ei overskrift og ein setning som begynner med orda: «*Skolen skal.....*»

Dette gjer tydeleg kva som er forventa av skulen.

Lindås kommune opplever at det er ei god og oversiktleg inndeling av innhaldet i dokumentet. Det er mogeleg å gjere oppslag etter tema og det er nyttig og viktig for den dagleg bruken.

Elevsyn

I kap.1.1 *Menneskeverdet* er det vist til at arbeid med barn skal vere tufta på dei verdiane som ligg til grunn i menneskerettane og barnekonvensjonen . I kap 2.1 *Danning og helhetlig kompetanse* vert samfunnsmandatet til skulen tydeleg skildra:

«Barn og unge skal støttes i utviklingen av sin identitet gjennom møte med andre mennesker, kultur, historie, natur og samfunn.» «Opplæringen må legge til rette for at arbeidslivet får tilgang på kvalifisert arbeidskraft, og legge grunnlaget for kvalifisering for, rekruttering til og deltakelse på alle områder innenfor utdanning, arbeids- og samfunnsliv.»

Lindås kommune meiner at samfunnsmandatet er viktig. Me føreslår at det må gjerast tydeleg at eleven har eigenverd også som barn/ungdom, - ikkje berre som ledd i produksjonslinja.

Kultur, identitet og mangfold

Skolen skal gi elevene historisk og kulturell innsikt og forankring, og skal bidra til at hver elev kan ivareta og utvikle sin identitet i et inkluderende og mangfoldig fellesskap.

Skulen skal ivareta og inkludere alle i eit kulturellt, språkleg og livssynsmessig mangfald.

Dette set krav til skulen og læraren sin fleirkulturelle kompetanse. I dette kapittelet er nokre minoritetar nemnt og delvis omtala.

I kapittel 2 *Prinsipp for læring og utvikling* , underkapitte 2.5 er elevar med ulike læreanskar omtala.

Lindås kommune meiner at Overordnet del skulle sagt noko om prinsippet om at alle elevar skal høyre til og vere inkludert i læringsfellesskapet.

Lindås kommune saknar kunst- og kulturuttrykk som vesentlege innfallsportar til liv og læring, og til å forstå seg sjølv og andre.

Tverrfaglege tema

«Skolen skal legge til rette for læring innenfor de tre tverrfaglige temaene folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap og bærekraftig utvikling.»

Lindås kommune meiner det er viktig at desse tre tverrfaglege tema vert realisert. Måla for opplæringa i tverrfaglege tema skal bli uttrykt i kompetansemåla i fag. Det vert då eit viktig lokalt arbeid å legge til rette for rike tema/oppgåver som innbyr til tverrfagleg undervising, - arbeid og -fordjuping, slik at at elevane kan utvikle forståing og sjå samanhengar på tvers av fag.

Et inkluderende læringsmiljø

Kapittelet omtalar korleis skulen skal arbeide for å utvikle inkluderande og gode fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Det er vektlagt eit raust og støttande læringsmiljø, kor viktig tydelege og omsorgsfulle vaksne er i dette arbeidet og at alle tilsette på skulen har ansvar for dette arbeidet på klasse- og skulenivå.

Profesjonsfellesskap og skuleutvikling

Skolen skal være et profesjonsfaglig og verdimeslig fellesskap der lærere, ledere og andre ansatte reflekterer over, vurderer og videreutvikler sin praksis. Skuleeigar, skuleleiarar og

lærarar (lærer = alle profesjonar som arbeidar i skulen) har eit felles ansvar for at skulen sin praksis bidreg til elevane si læring og utvikling og er i samsvar med læreplanverket.

Lindås kommune ser det som svært viktig at profesjonsfelleskap og skuleutvikling har fått eit eige underkapittel. Utviklingsarbeidet i kommunen og på den einskilde skule må vere systematisk og systemisk, og kunnskapsgrunnlaget skal vere forskings- og erfaringsbasert. Lindås kommune arbeidar for ein kultur prega av deling og læring, nettverk, samarbeid, støtte og rettleiing mellom kolleger og på tvers av skular. Alle tilsette i skulen skal ta aktivt del i det profesjonelle læringsfelleskapet for å vidareutvikle skulen. Me har erfart at det kan vere utfordrande å finne felles tid for lærar og assistent, td på mindre skular der assistentar i skulen har delar av arbeidet sitt i SFO/leksehjelp.

Dette vil bety at ein må sjå på arbeidstidsordningar, korleis ein organiserer seg og nyttar tida ein har til disposisjon.

Kompetanseomgrepet

I kap 2.3 definerer ein kompetanse slik: *Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenking.*

Lindås kommune registrerar og støttar rekkefølga i kapittel 2 *Prinsipp for læring og utvikling: Kapittel 2.1 Danning og helhetlig kompetanse*, i 2.1 *Sosial læring og utvikling* og så kap 2.2 *Kompetanse i fagene*. Me oppfattar dette som eit uttrykk for og understreking av korleis skulen sine oppgåver står i forhold til kvarandre.

Me meiner at ein definisjon av kompetanseomgrepet vil gje felles forståing og kan bidra til utvikling av praksis i klasserommet. Me meiner også at eleven si emosjonelle utvikling og relasjonskompetanse er viktige omgrep i forståing av- og arbeid med - barn og unge.

Lindås kommune meiner at departementet må vurdere å innarbeide omgrepa emosjonell utvikling og relasjonskompetanse i dokumentet.

Grunnleggende ferdigheter

Lesing, skrivning, rekning, munnlege- og digitale ferdigheiter er reidskapar for læring i alle fag, og høyrer heime i alle fag. Grunnleggjande ferdigheiter skal ivaretakast av alle lærarar i alle fag og på alle trinn. Det vert i Overordna del presisert at nokre fag skal ha eit større ansvar. Dette er ei viktig presisering og vil gjere det tydelegare kven som har eit særskilt ansvar for planlegging, gjennomføring og vurdering.

Å lære å lære

Dette kapitlet omhandlar skulen sitt arbeid for «å utruste eleven med motivasjon for, holdninger til og strategier for livslang læring.» Skulen skal støtte og hjelpe eleven til erkjenning om og innsikt i eiga læring. Læring skjer i og med eleven. I siste avsnitt er elevar med ulike læreverskar omtala. Det er viktig at ambisjonen om livslang læring hjå alle elevar er så tydeleg. Det står vidare at dette krev «koordinert samarbeid mellom lærerne». I førordet er det definert at Overordna del gjeld for «alle som arbeider i opplæringen».

Lindås kommune føreslår at «Laget rundt eleven» (samarbeid med 1-og 2.-linjetenester) vert omtala i dokumentet.

Vurdering for læring

Vurdering er lagt inn i kap 3.1 *Tilrettelegging for den enkelte elev*. Tilpassing og tilrettelegging til den einskilde elev heng nært saman med vurdering for læring. Vurdering for læring er eit så viktig område at det har eit eige kapittel i forskrift til opplæringslova.

Lindås kommune meiner det må vurderast om vurdering for læring skal få eit eige underkapittel i dokumentet.

Foreldrerolla

Gjennom heile Overordnet del vert det tydeleggjort kva som er skulen sine oppgåver og ansvar i høve til eleven. Med dette er også eleven si rolle definert. Foreldrerolla er nemnt i kap 3.1 i siste avsnitt om samarbeidet heim-skule.

Lindås kommune meiner at foreldra sitt medansvar i opplæringa må bli uttrykt tydelegare.

Språket

Me merkar oss at det er stor skilnad på språket i Generell del frå K-06 til Overordnet del – verdier og prinsipper. Det er valt eit meir nøytralt språk som ein også finn i dei store Stortingmeldingane.

Namnet

Departementet har gjort framlegg om at dokumentet skal heite *Overordnet del – verdier og prinsipper*. Dette understrekar og tydeleggjer at denne delen av læreplanverket står over og «trumfar» fagplanen i ein eventuell diskusjon om kva som er viktigast. Det kan vere ei spenning mellom det som står i *Overordnet del – verdier og prinsipper* og fagplanen i det enkelte faget. Lindås kommune meiner at det er eit godt namn på ny generell del.

Oppsummert:

Lindås kommune ser positivt på Overordnet del, verdier og prinsipper, og støttar namnevalet.

Me har i vår uttale kommentert nokre område me meiner må justerast.

- Lindås kommune meiner at samfunnsmandatet er viktig. Me føreslår at det må gjerast tydeleg at eleven har eigenverd også som barn/ungdom, - ikkje berre som ledd i produksjonslinja.
- Lindås kommune meiner at Overordnet del skulle sagt noko om prinsippet om at alle elevar skal høyre til og vere inkludert i læringsfellesskapet.
- Lindås kommune saknar kunst- og kulturuttrykk som vesentlege innfallsporar til liv og læring, og til å forstå seg sjølv og andre.
- Ein må sjå på arbeidstidsordningar, korleis ein organiserer seg og nyttar tida ein har til disposisjon.
- Lindås kommune meiner at departementet må vurdere å innarbeide omgrepa emsjonell utvikling og relasjonskompetanse i dokumentet.
- Lindås kommune føreslår at «Laget rundt eleven» (samarbeid med 1-og 2.- linjetenester) vert omtala i dokumentet.
- Lindås kommune meiner det må vurderast om vurdering for læring skal få eit eige underkapittel i dokumentet.
- Lindås kommune meiner at foreldra sitt medansvar i opplæringa må bli uttrykt tydelegare.

